

Kartlegging av bygningsmiljø på Stølsvidda i Valdres

Om rapporten	4
1. Oppsummering.....	6
Kvifor ta vare på historia	6
Særtrekk ved byggeskikken	6
Bygningsmiljø og enkeltbygg det er særleg viktige å ta vare på	6
Kven skal ta vare på historia?	7
2. Bygningstypar som er borte eller i ferd med å bli borte.....	8
Sel som har tydelege spor etter eldre byggeskikk.....	8
Fjøs og stallar.....	16
Kokehus, mjølkebuer, skåler, mjølkerampar og avkjølingsanlegg	23
Løer og låvar	26
Utedoar, leikehus, naust og anna.....	32
Tabell: Historisk interessante bygningstypar	34
3. Særtrekk ved byggeskikken	36
Plassering i landskapet	36
Byggemateriale.....	36
Taktekking	37
Vindauge.....	41
Måling og farger	41
Flytting av hus, attbruk av eldre materiale og gradvis utbygging	43
Døme på vellykka ombyggingar og nybygg	45
Mindre vellykka endringar	45
4. Dei ulike støslaga	46
Bygningshistorisk mest interessante historiske miljø	46
4.1 Støslaga i Svenes sameige	48
Fløten.....	48
Hermannstølen.....	52
Brattstølen.....	63
Gjølmyr	63
Liaset	69
Menka.....	70
Breiset.....	71
4.2 Støslaga i Ulnes sameige	76
Nystølen (Rognås Nystøl)	76
Valtjednstølen	78

Fjellstølen	79
Brattåsen	80
Tyrishølt.....	81
Gauklie.....	87
Langestølen	94
Furuset.....	95
Naustedokken, Feten og Geiteryggen	95
Revulen.....	97
4.3 Stølsлага i Vestre Slidre statsallmenning.....	100
Kvitehaugen og Flikja.....	100
Strø	104
Nørre Nøse, Sandbu og Svult.....	108
Ristegilen	110
Gilastølene.....	113
Jomssyndin	114
Nørre Trøllhøvd	116
Sørre Trøllhøvd	121
Grønsenn	122
Jaslangen	127
Halvorstølen	129
Hanafjorden.....	130
Bukono	130
Baklie	131
Svenskin og Buøddin	135
Nøsen og Flisøyne.....	136
Rensenn.....	138
Grøneli.....	138
Faukestølen og Flyin.....	139
Råstølen.....	140
Kinnhølt	141
Krististølen.....	142
Dalastølen, Kvålstølane og Bjødnhøvd	144
Murkelie	145
Røvsalin	146
6. Litteraturliste	147

Om rapporten

Om utvalte kulturlandskap

Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren har dei siste åra hatt tett samarbeid om støtte og vern av landbruk, biologisk mangfald og kulturminner i ein del utvalte kulturlandskap i Noreg. I 2018 fekk «Stølsvidda» i Valdres status som «utvalt kulturlandskap». Styringsgruppa for UKL Stølsvidda består av fylkesmannen, fylkeskommunen, Nord-Aurdal kommune, Vestre Slidre kommune og grunneigar-representantar frå Vestre Slidre fjellstyre og Ulnes og Svennes utmarkslag.

Mandat og formål for denne kartlegginga

På vegne av styringsgruppa for UKL Stølsvidda bad Fylkesmannen i Oppland (no Innlandet) sommaren 2019 Valdresmusea om å gjere ein oversiktskartlegging av verdifulle og utsette bygningar og bygningsmiljø på det utvalde kulturlandskapet Stølsvidda i Valdres. Formålet med kartlegginga er å gi eit betre grunnlag for å prioritere støtte til istandsettingstiltak av bygningar og bygningsmiljø.

Området som er undersøkt

«Stølsvidda» består av arela i Ulnes og Svennes sameiger i Nord-Aurdal og Vestre Slidre statsallmenning. Området er på 348 km², og av dette er 13,5 km² jordbruksareal. Stølsvidda var fram til 1950 Noregs største område med samanhengande stølsdrift med hundrevis av aktive stølar, og kulturlandskapet i området er unikt med mange sjeldne planteartar. Vegetasjonen er prega av intensiv stølsdrift med avskoging, jarnutvinning, omfattande vedhogst og beite gjennom fleire hundre år. Samstundes er landskapet i endring og nokre område er i dag i ferd med å gro att. I 2019 var det tradisjonell drift med mjølkeproduksjon på nær 50 av dei til saman nær 600 stølene i området. Mykje av jordbruksarealet blir samstundes drifta sjølv om husa ikkje er i bruk og det er eit relativt stor antall dyr på utmarksbeite. Svært mange stølar er gått over til å bli fritidsbustadar og ein del er heilt fråflytta – med eller utan hus att. Hytter finst òg i skogbeltet.

Tidlegare registreringar

I åra 1979 til 1984 vart det SEFRAK-registrert 203 stølshus bygd før 1900 på Stølsvidda. I tillegg registrerte Valdres skogforvalting 181 stølshus i fleire stølslag i Vestre Slidre statsallmenning, også dette før 1990. I Riksantikvaren sin siste kontroll av tilstanden til SEFRAK-bygg i Nord-Aurdal (2015) skreiv dei at 23 % av SEFRAK-bygga i Nord-Aurdal kommune er tapt, at 22 % av dei attståande SEFRAK-bygga var trua, at utmarkshusa utgjer 38 % av dei attståande SEFRAK-bygga og at tapsandelen for utmarksbygga dei seinare åra har ligge omtrent på gjennomsnittet for kommunen (3 %). Rapporten konkluderer òg med at av stølshusa er det sela som har gjennomsnittleg best bygningsteknisk tilstand. Med utgangspunkt i tala over kan det bety at nær halvparten av desse eldste bygga som vart registrert på 1980-talet no er tapt eller trua.

Metoden

Planen med dette prosjektet var mellom anna å gå gjennom det eksisterande SEFRAK-materialet, men etter å ha tatt nokre stikkprøver ute i felt, enda vi med å ta ein annan innfallsvinkel. Det er fleire orsakar til det. Mange av husa som vart SEFRAK-registrert er i dag borte, og mange av dei som eksisterer er såpass bygd om at dei ikkje fell inn under bygningstypar som Kulturminnefondet eller andre tilskotsgivarar pleier å gi istandsettingsstønad til. I tillegg er mange av dei mest historisk interessante husa nyare enn år 1900. På Stølsvidda er dessutan svært mange av dei eldre husa aldri blitt registrert, særleg gjeld dette for bygningsmassen i Vestre Slidre.

Vi har køyrt rundt i alle stølslag og fotografert fleire hundre eldre hus, men slettes ikkje alle. Vi har i liten grad fotografert hus som er bygd om dei seinare åra, då hovudfokuset har vore å dokumentere eldre byggeskikk og bygningstypar som er i ferd med å bli borte. Som kjeldegrunnlag har vi til ein viss grad òg nytta ulike bokverk og artiklar. Det har ikkje alltid har vore like lett å tyde kva for funksjon hus har tatt, då vi korkje har vore inne i dei eller snakka med eigarane.

Kva er historisk interessant?

Den eldre bygningsmassen på Stølsvidda gir ei inngang til å forstå livet før. Dette gjeld anten stølshusa er av dei eldste typane, eller meir typiske for den aktive stølvinga på første halvdel av 1900-talet. Også frå den siste perioden er mange bygningstypar i ferd med å bli borte. Det er derfor til ein viss grad både personlege og faglege skjønn som ligg til grunn for denne dokumentasjonen; kva som er fotografert og registrert som «historisk interessante bygg». Tanken er at bilete, kommentarar og tal til saman kan gje eit heilskapleg inntrykk og eit viktig bidrag til ein samtidsdokumentasjon av dagens bygningsmasse på Stølsvidda.

Rapportens innhald

Vi har søkt å telle opp «historisk interessante» bygg, og har merka oss til saman 500–600 stølshus. Svært mange av desse har vi fotografert og kommentert i rapporten. Talet inneheld bygg i ulik tilstand og frå ulike periodar – nokre er i tilnærma uendra stand, andre er gjennom åra endra mykje. Rapporten er slik ikkje berre dokumentasjon over eldre bygningshistorie. Vi har søkt å gi eit breitt bilete av særtrekk ved byggeskikken – både i det enkelte stølslag og på tvers av stølslaga.

Valdresmusea, juni 2020

Anne Marit Noraker
seksjonsleiar kulturhistorisk seksjon

Odd Arne Rudi
byggningsvernådgjevar og seksjonsleiar

1. Oppsummering

Mange stølshus og stølsmiljø på «Stølsvidda» står fram slik dei alltid har gjort, med stølane bortetter i naturlege grupper, og med enkelthus og miljø med høg verneverdi. Med endring av bruken er samstundes svært mange stølshus prega av forfall.

Kvifor ta vare på historia

Stølshusa og stølslaga er viktige innslag i kulturlandskapet. Den eldre bygningsmassen gir ein inngang til å forstå livet før; i Valdres spesielt og Noreg generelt. Husa gir eit bilete på kor viktige stølsviddene har vore som levegrunnlag og kvinnearbeidsplass. Dei gir òg eit bilete på kunnskap som er i ferd med å gå tapt og eit nøysamt liv der folk laut klare seg med svært lite. Dette gjeld anten stølshusa er av dei eldste typane, eller meir typiske for den aktive stølinga på særleg første halvdel av 1900-talet. Utan små, låge sel, kokehus, buer, løer og fjøs i stølslandskapet, blir historia viska ut. Stølsmiljøa bidreg slik å spreie kunnskap og opplevingar både for fastbuande, tilreisande – og dei som kjem etter oss. Huseigarar, hyttefolk, turgåarar, turistar, forskarar frå ulike fagmiljø, reiselivsbedrifter og framtidens ulike brukarar, kan ha ulik nytte og glede av at mykje av bygningsmiljø på stølsvidda beheld det særpreget det har i dag.

Særtrekk ved byggeskikken

Enkeltstølane var som regel samla i heile stølslag. Det vanlege er at stølshusa ligg samla i øvre kanten av jordet, medan løa ligg på jordet. Husa er anten lafta, bygd i reisverk eller ein kombinasjon av begge teknikkar. Taka er tekka med både torv, bord, skifer og plater. Under ein del eldre tak ser ein never og torv. Vindauga har ofte ulik storleik, og glasa plar vera småruta. Mange stader ser ein spor etter gluggar og gluggestampar, eller ei blanding av gjenbruk av vindauga frå ulike periodar. Ein del stølshus er flytta, frå bygda, frå andre stølslag, eller dei er flytta internt på same stølstrøa. På mange sel ser ein tydeleg korleis ein har brukt oppatt eldre materiale. Folk var før i det heile generelt gode til å nytte materiala dei hadde tilgjengeleg, og utbygginga har ofte funne stad etter kvart som behovet for meir plass har vokse. Byggeskikken varierer ein del mellom dei ulike stølslaga, det handlar nok både om sed og skikk, enkelthandverkarar, verforhold og tilgang på byggeemne.

Bygningsmiljø og enkeltbygg det er særleg viktige å ta vare på

Stølsvidda framstår som *heilskap* som eit av dei mest bygningshistorisk interessante stølsmiljøa i landet. Dei best bevara *stølslaga* finn vi på Breiset, Hermannstølen, Gjølmyr og Menka, Gauklie, Tyrishølt, Fjellstølen, Kvitehaugen, Strø, Nørre Trøllhøvd, Grønsenn og Råstølen. Samstundes er mange bygningar prega av forfall (sjå både kapittel 2 og 4).

Bygningstypar som er særleg utsette og som difor bør prioriterast:

- Sel frå 1700-/1800-talet med tydelege spor etter eldre byggeskikk
- Dei minste sela frå 1900-talet
- Kokehus, mjølkeramper, mjølkeavkjølingar og buer og utedoar frå 1900-talet
- Stallar

- Løer
- Fjøs frå alle periodar går generelt ei usikker framtid i møte då få av dei er i bruk, og eit stølsmiljø manglar noko vesentleg utan fjøs. Vi finn særleg få tømmerfjøs i ei lengde.
- Eldre naust
- Få små løer og lange løer, nokre fleire større løer, men løene er jamt over i dårleg stand
- Få sel att med tydelege spor etter eldre byggeskikk

Bygningar som er særleg verdifulle:

- 1 støl med sel med fjøs, skut, mjølkebu og sel i ei lengde (Nørre Trøllhøvd)
- 1 komplett støl frå mellomkrigstida med uendra «minisel», skåle og fjøs (Ristestølen nær Gjølmyr)
- 1 støl med uendra sel og stall, her har forfallet gått særleg langt (Fløten)
- 1 arklåve (Gauklie)
- 1 liten utmarksløe (Bjødnhøvd)
- 2 dobbeltløer (Grøneli og Sørre Trøllhøvd)
- 3 mjølkeavkjølingar (Breiset og Menka)
- 8 stallar som stort sett er i dårleg tilstand

[Kven skal ta vare på historia?](#)

For mange av bygga er det lite som skal til for å bremse forfallet, i andre tilfelle er det meir omfattande restaureringar som må til. Klimaet tek hardt på bygningane i fjellet, og det kan vere utfordrande å halde i hevd bygningsmasse her som ikkje lenger er i bruk. Men, fordi dei kulturhistoriske verdiane for stølsbygningar i fjellet er store, må det vere eit kollektivt ansvar å sikre desse bygningane for ettertida. Gjennom landbruksoppgjøret blir det i dag øremerka ein del midler til kulturminner på UKL Stølsvidda. Elles kan fylkeskommunen, kommunane, Kulturminnefondet, Valdres Natur- og Kulturpark og Valdresmusea vere viktige støttespelarar for dei som eig bygningane. Tilskott til istandsetjing og kurs i eldre handverksteknikkar er døme på tiltak som kan bidra til å sikre levetida for kulturarven i fjellet.

2. Bygningstypar som er borte eller i ferd med å bli borte

Sel som har tydelege spor etter eldre byggeskikk

Tradisjonelt har det vore ulike typar sel på stølane. Det var i selet budeia og andre som overnatta på stølen sov, og her vart det fyra, ysta og kinna. Dei eldste stølshusa var lafta, smale og låge. Frå gammalt hadde dei jordgolv, åre og ljore, og ofte berre eit rom.

Dei fleste av desse sela er nok borte, men det finst framleis nokre døme, meir eller mindre bygd om. Knut Hermundstad skreiv i 1934 at «*på langstølane, (sumarstølane, fjellstølane) var bonden lengste tidi med buskapen og huslyden, vanleg fraa 5-10 vikor. Her var det ogso meir verhardt. Difor tykte bonden at her laut han fyrst ha nye varme og tidhøvelege hus. Paa langstølane har det difor i det 19. og 20. aarhundre vore ei stadig nybyggjning og modernisering av seli. Dei gamle aareseli er mest alle stader rivne og oppbrende eller og umvølte.*»

Sela har til alle tider stadig blitt modernisert – naturleg nok. Den siste SEFRAK-vurderingsrapporten frå 2015 konkluderer med at det er sela som i snitt har best bygningsteknisk tilstand og at det er bevara fleire sel enn andre eldre hus i stølsområda.

Dei fleste eldre sel er modernisert på ulike vis. Sela kan til dømes ha fått tilbygg, nye vindauge, isolering med nytt panel og/eller tak. Dette gjeld anten sela er i bruk som støl eller fritidsbustad. Korleis desse glir inn i miljøet rundt varierer. Ein del endringar skilir godt inn i det tradisjonelle stølsmiljøet, særleg gjeld dette takvinklar og storleik på sela. Innan kvar av kategoriane under er mangfaldet større enn kva det er rom for å skissere her.

Todelt sel i ei lengde (sel og mjølkebu)

Dei todelte sela hadde sel (eldbu) og mjølkebu. Dei fleste hadde inngang frå langveggen, og i nokre tilfelle frå gavlveggen. *Mjølkebua/buarommet* skulle vera eit kjølig rom med hyller/slinder til å lagre mjølk, mjølkevarer og buttar. Oftast hadde mjølkebua ein glugge (liten opning i tømmerveggen) utan glas og låg i nordenden av selet. Slike sel finst det få att av i dag. Bileta under viser eit sel som står til nedfalls på *Fløten (73/4)*. Her er det lett å lese bygningshistoria, med mjølkebu med gluggar i den eine enden og sel/eldbu i den andre. Buagluggene = ein liten opning i tømmerveggen.



I den grad slike sel framleis står, er dei stort sett bygd om og gjort større, fått nye vindauge eller panela om og slik fått eit nytt uttrykk. Sela under, som står på *Furuset, Nørre Trøllhøvd og Fløten*, har fått nye vindauge og noko ny panel. Samstundes er det gjort gode grep for å bevare det tradisjonelle inntrykket.



Todelt sel med utbu/skut

Frå gamalt av bygde mange inntil ei utbu (skut) framfor sel (eldbu) og mjølkebu (innbu), dels fordi selet vart for lite, dels for å unngå at det kom peisvarme inn i mjølkebua. Døme på dette ser vi fleire stader på *Stølsvidda*, sjå under. Nokre av desse har truleg mjølkebua intakt inne, medan andre har endra funksjon innvendig. Utbua kunne bli bygd inntil både på lengda eller midt på langsida av selet. Slike sel, som har behalde det gamle inntrykket, finst det ikkje att mange av i dag. Under er nokre døme:

Selet under ligg på *Tyrishølt* har tilbygg i lengderetninga; på den eine sida ei lita utbu/mjølkebu på den eine sida i lengderetninga og ein vedbu i reisverk på den andre. Selet til høgre ligg på *Gauklie*:



Sela under har fått utbu midt foran; dei to øvste bileta er frå *Gauklie* og dei neste frå *Grønsenn*:



Sela under står på *Gjølmyr* og i *Strø*. Dette er eldre sel som liknar dei på bileta over. Begge har på eit seinare tidspunkt òg fått tilbygg i lengderetninga. På selet i *Strø* (til høgre) er mjølkebua intakt, med ei open sjåglugge i kvar ende.



Tredelte sel i ei lengde (sel, skut, mjølkebu)

Det fanst ulike slag tredelte sel. Særleg vanleg var nok at skuten låg mellom selet og mjølkebua, men dei kunne òg ha skut på eine sida av selet medan mjølkebua låg på den andre. Under er nokre døme.

Dei to øvste bileta viser eit sel på *Hermannstølen*, dei neste bileteta er frå *Menka* og *Strø*:



Frå gamalt av kunne dei eldste sela elles ha eit oppmura rom under selet for dyra. Selet over som ligg i Strø og er nyleg er sett i stand og endra noko, men det er interessant å merke seg kommentaren frå boka *Stølsliv i Vestre Slidre* (2018) skrive av Gunnar Hauge og Frode Rolandsgard (s 78): «Det gamle Ner-Eggiselet i Strø med inngang på midten. Selsrommet mot sør, bu i nord. Eit svært sjeldent og alderdommeleg trekk er det vesle fjøset som er mura inn under selet, med små tronge båsar og steinheller til båsdele.»

Truleg er dette selet som ligg på *Ristegilen* også ein variant av eit tredelt eldre sel:



Eit eldre fråflytta sel på *Jomsyndin* er interessant å trekke fram for å vise utviklinga av byggeskikken. Midt på langveggen ser ein spor etter dør med steinhelle, og til venstre for denne ser ein glugge etter mjølkebua. På nordsida av selet står framleis grunnmuren etter eit bygg som har stått inntil. Truleg har dette vore eit fjøs. Nordveggen på selet er lys, noko som også viser at det har vore eit bygg i forlenginga av selet.



Sel med to inngangar

Andre tredelte sel kunne frå langsida ha to inngangar, med eller utan utbu eller nasasval. Dette er gjerne små sel med rom med eige eldstad som er bygd inntil. Dei to sela under ligg ved *Rensenn* og *Svenskin*. Slike nye rom vart ofte bygd for utleige, skriv Hauge & Rolandsgard .



Under er andre døme på sel med to inngangar, her frå *Breiset*:



Dei minste sela

Frå gammalt av var nok sela ofte både eldre og mindre på heimstølane enn lenger til fjells. Dei minste sela vi har funne i langstølområdet er reisverkbygningar bygd i første halvdel av 1900-talet. Desse ligg på *Ristestølen* nær Gjølmyr (sjå fleire bilete på side 67) og på *Krististølen* (det grønne). Dette er bygningar av dårleg teknisk verdi. Samstundes viser dei ei interessant stølshistorie som gir minne om ei anna og nøktern tid. Selet på Ristestølen står i eit komplett stølstun med fjøs, løe og bu, medan selet på Krististølen står aleina att. Slike bygg bør difor vera særleg viktige å ta vare på.



Sel/mjølkebu/skut/fjøs i ei lang lengde

Frå gammalt av var det òg vanleg at sel og fjøs var bygd i ei lang lengde, med inngang til fjøset anten frå skuten eller frå gavl-enden. Ein annan variant var femdelte og hadde fjøs, skut, mjølkebu, sel og kleve i same lengda. På stølsvidda var slike vanlege ved Syndin, skreiv arkitekt K. Sukke i 1964, men dei har nok òg vore vanlege andre stader. Dei lengste sela vi har funne desse. Kan hende er nokre av desse resultat av utbygging etter kvart som behovet har blitt større. Desse er sjeldne i dag og har såleis høg verneverdi.

Moen-selet på Nørre Trøllhøvd, sett frå to sider (sjå meir på side 120):



Tuvstølen på Øvre Nøsen (sjå meir på side 137):



Truleg er selet under, som ligg i *Skruvla i Baklie*, ein ombygd variant av eit langt sjølv med mjølkebu, skut og fjøs.



Andre sel

Ein del eldre sel har ofte heilt andre utformingar. Ein del er gradvis utbygd på heilt ulike måtar, og nokre har ei byggeskikk meir lik bustadhus i bygda. Døma under er henta frå *Tyrishølt*, *Gauklie*, *Langestølen*, *Flyin* og *Breiset*.





Frå gammalt av var alltid sela lafta, medan dei fleste sela frå 1900-talet stort sett er bygd i reisverk.

Fjøs og stallar

Alderen på fjøsa varierer mykje. Kjeldene fortel om fjøs iallfall attende til tidleg 1700-tal. Frå gammalt av vart ein del fjøs og sel bygd i ei lengde, saman med sel og mjølkebu, som omtala over. Men mange stader vart det ikkje bygd stølsfjøs før sist på 1800-talet og tidleg på 1900-talet, i følge Knut Hermundstad. I staden haldt dei kyrne i kveer, og det var vanleg å nytte gjetarar til siste halvdel av 1800-talet. Det var mange fordelar med å få dyra inn; det vart mindre nattevaking og pass mot udyr, betre å vere inne for både budeie og dyr når det var uver, og i tillegg var det ein fordel å kunne samle gjødsla. På dei fleste stølar står det framleis fjøs, men tilstanden er varierande og fjøsa står generelt i fare då dei fleste ikkje lenger er i bruk. Den kulturhistoriske verdien er stor, ein støl utan fjøs framstår lite komplett historisk sett.


Steinfjøs

Steinfjøs fann vi nokre døme på i *Strø*, desse var gjennomgåande nylig rehabilitert.



Lafta fjøs


Lafta fjøs finn vi mange av, nokre små i ei lengd, og andre lange i to og fleire lengder. I byggeskikkrapporten frå 1992 teikna Ingrid Kvissel desse døma på planskisser over eldre tømmer fjøs på Stølsvidda:




EITT ROM MED
INNGANG I GAVL




TO OG FLEIRE ROM,
INNGANG I GAVL



INNGANG SJENNOM GANG,
DØR PÅ LANGVEGG



FLEIRE ROM MED DIREKTE
INNGANG PÅ LANGVEGG



Frå gammalt av låg ofte fjøsa rett på bakken, eller dei hadde «undehus» / geitefjøs under storfefjøsset, og stundom òg under selet. Sist på 1860–70-talet var det fleire som bygde eigne småfefjøs, og frå då av vart det også vanleg å få møkkakjellar under storfefjøsset (Reinton, s. 55). «For å få gjødselskjellar under fjøsset, har mange (eldre fjøs) vorte sette på pillarar og ein del også snudde. Frå gammalt av låg fjøsset rett på bakken, på ein tørrmur eller på laftesteinar. Møka var då spadd ut gjennom ein glugg på gavlveggen. Seinare vart det vanleg å plassere fjøsset på pillarar og legge det på tvers av terrenget, slik at ein fekk ein open kjellar for gjødsla under den nedste delen. På denne måten kunne møka skuffast ned gjennom ei luke i golvet. Fjøsset vart no lagt på ei skrånande tomt, oftast på trepillarar, men steinpillarar er også vanleg.» (Kvissel s. 35).

Det vanlege på Stølsvidda i dag er at storfefjøsa ligg på tvers av terrenget, og at dei står løfta opp frå bakken på pilarar, iallfall i den eine enden.

Talet på dørar varierer, dei fleste har ei dør i gavlenden, mange har òg ei dør i langveggen. På ein del fjøs kan ein sjå at fjøsdøra er flytta, særleg om fjøsset er bygd på. Hol i veggen etter møkkaluke, slik Kvissel skriv om over, kan ein ofte sjå spor etter på dei eldste fjøsa.

Frå gammalt av var storleiken på fjøsset avhengig av lengda på stökkane, seinare er det nok helst dyretalet som har bestemt storleiken på kyrfjøsset.

Taka har stort sett anten Valdres-skifer eller platetak. Nokre få har torvtak, og ein del har synleg never og torv under anna tak.

Laftefjøsane er gjennomgåande eldre enn fjøsa bygd i reisverk. Fleire av dei lafta fjøsa er samstundes *panelte*, og mange har ulike former for påbygg i *bindingsverk*. Tilstanden varierer mykje.

Under er eit lite mangfald av fjøser som alle har stor historisk verdi:

Fjellstølen – dette fjøset er stadig i bruk:



Breiset:



Kvitehaugen:



Gauklie:



Brattstølen:



Revulen:



Ulvestølen i Hanafjorden:



Revulen:



Gauklie:



Gjølmyr:



Ristegilen:



Breiset:



Breiset:



Skruvla (sett frå to sider):



Reiestølen i Bjørndhøvd er ekstra lang, har utvendig panel og betongfundament:



Reisverkfjøs

Dei fleste fjøs frå 1900-talet er bygd i reisverk og tilstandsgraden varierer. Her er nokre døme av høg historisk verdi:

Valtjednstølen:



Sandbu:



Breiset:



Stallar og småfjøs

Stallar og småfjøs i ei lengde er det generelt svært få av og i den grad dei finst i uendra form er tilstanden oftast låg. Dette er nok dels fordi mange stølar ikkje hadde slike bygg, og dels fordi dette er hus som har gått ut av bruk og dermed har blitt borte. Nokre stallar er nok òg bygde om til andre formål. Elles har nok mange av tilbygga til fjøsa hatt både stall og rom for høns og småfe. Husa under er truleg stallar, bileta er frå *Furuset, Hermannstølen, Fløten x 2, Gjølmyr og Menka*.





Bileta under er ein støl på *Brattstølen*. Her ser vi både kyrfjøs og eit hus som truleg anten har vore stall eller småkrøtterfjøs:



Dette vesle fjøset ligg på *Handestølen* i *Baklie*:



Kokehus, mjølkebuer, skåler, mjølkerampar og avkjølingsanlegg

Kokehus

Frå gammalt av vart det kokt, ysta og steikt mykje ute når ikkje veret var for ille, i følgje Hauge og Rolandsgard. I tillegg fekk mange mura seg kokeringar ved eller i peisen inne i opphaldsrommet i selet (eldbua). Utover 1900-talet vart det populært å bygge frittstående kokehus. Her vart det ysta og det vart kokt prim og brunost. Dei fleste av desse husa er uisolerte reisverkbygningar, då det her uansett vart varmt nok medan dei ysta eller kokte. Slike hus kunne òg bli kalla ystehus eller pannehus. I dag finn vi relativt få kokehus på Stølsvidda. Vi meiner difor at kokehusa generelt har **høg** historisk verdi.

Om bruken av ved: Lars Reinton og Knut Hermundstad skriv begge om vedfyringa den tida all ysting og koking gjekk føre seg før det kom lukka eldstader. Reinton skriv at det i snitt gjekk med to lass ved per ku per sesong, og Hermundstad rekna eit vedlass til veka for ei buskap med 6-8 kyr. Dagleg mjølkemengde per ku var pluss minus 5 liter. Dette er interessante tal som gjer ein peikepinn på arbeidet med både koking, ysting og vedhogst. Saman med den tidlegare jernutvinninga og det intense beitet, bidreg det store vedforbruket til ei forståing av kvifor Stølsvidda vart avskoga. Vart det for tungvint med ved, hende det at stølen vart flytt. Her er nokre døme.

Langestølen:



Bukono:



Hermannstølen:



Gjølmyr:



Nøsen:



Fløten:



Breiset:



Breiset:



Rognås Nystøl:



Gilastølene:



Mjølkebuer, skåler, mjølkeavkjølingsanlegg og mjølkeramper

«Då bilvegen kom med mjølkelevering frå stølane, vart det nødvendig med avkjøling, der kveldsmjølka kunne stå til mjølkebilen kom om morgonen. Avkjølinga skulle helst ligge ved sida av mjølkerampa, men det var ikkje alltid lett å få til. Når bekkane turka inn utpå sommaren kunne det bli langt å gå for å få sett mjølka til avkjøling. Ofte vart det bygd eit lite hus over avkjølinga, dette vart gjort både for å halde dyra vekk og for å halde sola ute. Dette kunne vera eit lite saltak, der ein i den eine sida hadde ei luke for å få opp og nede spanna.» (Ingrid Kvissel, 1992)

Mjølkeavkjølingene kunne òg vera ei låg bu, ofte ved ein bekk, i myrlendt område eller sett over ein brønn. Slik kunne dei sette mjølka i store spann som stod i kaldt vatn.

I dag er det få mjølkeavkjølingar att. Mange av stølane har ein eller fleire buer eller skåler som mellom anna er nytta i arbeidet med mjølking, lagring og vasking av buttar, og hogging av ved. Nokre av dei minste buene er nok òg nytta til kjøling. Samstundes er det generelt vanskeleg å vite sikkert kva for funksjon slike små hus har hatt. Sikkert er nok iallfall at svært få mjølkeavkjølingsanlegg er bevara. Buene som att på ein del stølstrøer er viktige ledd i stølshistoria. Bileta under viser nokre døme på små buer og skålar:

Tyrishølt:



Gjølmyr:



Hermannstølen:



Brattåsen:



Breiset:



Menka:



Gauklie:



Nørre Trøllhøvd:



Eldre mjølkeramper finn vi knapt nokon av, men unntak av denne rampa som ligg i *Murkelie*:



Slike buer og ramper frå ei tid med aktiv stølsdrift meiner vi har **høg** historisk verdi.

Løer og låvar

Tømmerløer

Frå gammalt av fanst det alltid løe på stølen, for lagring av vinterfôret som skulle hentast til bygda utpå vinteren. Løene stod i den nedre delen av stølsjordet, ofte i ein skråning, med ein stor glugg eller dør i øvsteveggen til å dra fôret gjennom, og ein annan opning på nedsida til å ta fôret ut av. Dei eldre løene er stort sett alltid lafta, men tømmeret er ofte ikkje medrage/tilpassa kvarandre, så det var store sprekkar mellom stukkane. Storleiken kunne variere. Nokre hadde eit rom, andre fleire, meir som små låvar. Ein del har ein skut i bindingsverk for inn- og utlessing av fôret, og skuten ligg oftast på sida av bygningen, men i nokre tilfelle i midten. Ein del løer er høgare og har låvebru opp i gavlen, og to eller tre løerom/brøt. På store stølsjorde kunne det frå gammalt av vera fleire løer. Slike finst særleg på Hermannstølen (12 stk) og Brattstølen. Mange av løene har skifertak, andre har platetak av ulike slag.

I ein del stølslag finn ein framleis eldre løer som ligg fint i terrenget. Samstundes er det kanskje særleg dette huset som manglar på mange støler då løene sjeldan i bruk. Den historiske verdien for løene er generelt høg, men ein ser at tilstandsgraden mange stader er låg. Ofte er det små tiltak som skal til for å bevare bygningane i hundre år til, andre gonger må større tiltak til.

Fakta om fôrmengda frå gamal av (Reinton 1957)

- Folk lærte tidleg at det var i høg fjellområdet dei fekk det saftigaste og kraftigaste fôret (s. 60)
- I 1860-åra hadde stølene i Vestre Slidre i snitt 2,3 tonn høy pr. støl. Eit vinterlass med høy kunne vera på 160-320 kilo. Talet på turar til støls for å hente alt fôret kunne bli rundt tjue kvar vinter/vår. Gras i innmark og utmark og på myrene vart slått. Mykje av dette vart lagt i fôrløer, men ein del vart òg lagt i høysåter.
- Det ble òg lauva og sank store mengder mose, men lauv og mose vart stort sett lagra utandørs og ikkje i egne løer. Kwart bruk lauva ofte mellom 2000 og 4000 kjervar, og 1 kjerv = 3 nevar kvist (s. 213-218). Endå i 1930-åra kunne det bli køyrt 15-20 lass mose heim til ein gard i Øystre Slidre. Kwart lass mose kunne vera på om lag 350 kg (s. 230-233).

Av små løer med eit rom finst det svært få att. Desse ligg på *Ristegilen* og på *Tyrishølt*:



Løe med stappeglugg, *Hermannstølen*:



Døme på store løer med låvebru og meir enn eitt rom, dei tre fyrste under ligg på *Hermannstølen* og den siste på *Brattstølen*:



Denne løa på *Gjølmyr* har nok òg to rom:



Døme på løer med skut. Dei to fyrste ligg på *Brattåsen*, dei to under i *Strø* og *Kvitehaugen*:



Desse too dobbeltløer, med innkøyring frå midten, ligg på *Sørre Trøllhøvd* og *Grøneli*. Slike var vanlege før, men er dei einaste vi finn av sitt slag:



Vi har berre sett ein arklåve, den ligg på *Gauklie*, og den har såleis **høg** verneverdi:



Vi har så vidt vi veit ikkje funne nokon *utløer* (løer utanom stølsjordene), korkje for utslåttar, myrslått eller anna, sjølv om vi veit at det frå gammalt av fanst fleire slike. Vi fant imidlertid denne løa i luselaft på stølstrøa til Øvre Hande, innerst i *Bjødnhøvd*. Luselaft vil seie at annankvar stökk ligg inntil og i mellom. Løa har ei *låg dør* og det som truleg er ein *stappeglugg*. Kan hende er dette ei utløe som er flytt til stølsvollen. Slike hus finst det få av på Stølsvidda, så denne må ein kunne seie har **høg** verneverdi.



Løer i bindingsverk

Langt ned på stølsvollane står ofte òg større reisverkløer plassert, også desse har nok vore nytta til lagring av hø, og dei er nok stort sett frå fyrste del av 1900-talet. Desse er jamt over i dårleg stand, og utan vedlikehald er nok svært mange av desse borte om nokre tiår. Her er nokre døme på løer som iallfall på avstand ser ut til å vera i bindingsverk:

Jomssyndin:



Gjølmyr:



Gjølmyr:



Gauklie:



Langestølen:



Langestølen:



Hermannstølen:



Breiset:



Låvar i reisverk

I ein del stølslag finst større låvar på stølstrøa eller utpå stølsjordet. Desse er nok stort sett bygd frå mellomkrigstida og utetter, som lagringshus for fôr og meir moderne reiskap. Mange av desse fortel òg viktig støls historie.

Her er døme frå Tyrishølt, Fauskestølen på Kinnhølt, Svenskin:



Utedoar, leikehus, naust og anna

Utedoar

Overalt finn vi utedoar bygd som eigne hus attåt fjøset, stort sett frå 1900-talet. Dette er hus det er lett å ta som ein sjølvfølge. Samstundes ser vi at utedoane i større og større grad er lagt til andre uthus, og fleire og fleire med meir moderne løysingar enn som gamaldags utedo. Altså er òg ein grunn til å nemne og dokumentere nokre av desse. Sjølv om utedoane ikkje fram i statistikken over eldre hus, er dei viktig ledd i kulturhistoria.

Her er nokre av mange døme på utedoar:





Leikehus

Somme stader finn vi òg leikehus som fortel om barnas kvardag på stølen. Dette er nok ikkje eldre bygg, men vi tek med eit par for å vise mangfaldet i stølslivet. Bileta er frå *Gjølmyr* og *Dalastølen nær Vaset*.



Naust

Fisket var viktig for matauket frå gammalt av, og fiskeslør, fiskebuer og naust fanst mange stader. Vi har ikkje systematisk sett etter slike hus, men har registrert at det ved mange av dei større fjellvatna finst naust av både ny og gamal årgang. Dei eldste nausta har særleg historisk verdi. Her er nokre døme tatt på *Nøsen*, i *Strø*, i *Kvitehaugen*, på *Viksyndin* og på *Grønsenn*, og mange av desse har høg historisk verdi.





Tabell: Historisk interessante bygningstypar

I denne undersøkinga har vi søkt å telle opp historisk interessante bygg, og har merka oss til saman 500–600 stølshus. Kring 1/4 av desse er sel, resten er fjøs, løer, kokehus, mjølkebuer, naust og anna. Tabellen under gjer eit godt, men ikkje presist anslag.

	Løer	Fjøs	Sel	Kokehus	Bu	Avkjøling?	Låve	Naust	Stall	Småfjøs	SUM	Stølslag
SVENNES SAMEIGE												
Breiset	7	23	16	3	7	2					58	1
Liaset		2								1	3	1
Hermannstølen	11	15	15	1	3		2		2		49	1
Fløten	12	17	16		3		2				50	1
Brattstølen	1	5	2		1				1	1	11	1
Gjølmjør	6	6	5	2	4				1		24	1
Menka	1	1	1		1	1			1		6	1
ULNES SAMEIGE												
Furuset		1	1								2	1
Langestølane	4	2	2	1	1						10	1
Geitryggen, Naustdokken og Feten	1		2	1							4	3
Revulen	2	3	5		1						11	1
Brattåsen	2	2									4	1
Valtjednstølen		1	2								3	1

Gauklie	16	18	18		8				1	61	1
Tyrishølt	8	8	2		9		1			28	1
Fjellstølen		1	2					1		4	1
Nystølen		1		1						2	1
VESTRE SLIDRE											
STATSALLMENNING											
Kvitehaugen og Flikja	5	6	5		5			2		23	2
Strø	2	3	2					2		9	1
Nørre Nøse, Sandbu og Svult		4	1							5	3
Ristegilen	2	4	5	1						12	1
Gilastølene	1	5								6	1
Jomssyndin		3	2					1		6	1
Nørre Trøllhøvd	3	5	5		2				1	16	1
Sørre Trøllhøvd	2	2	2	1						7	1
Grønsenn		4	5	1				5	1	16	1
Jaslangen		1	1		1			1		4	1
Baklie	6	5	8		3				2	24	1
Bukono	2	1	1	1				3		8	1
Hanafjorden	1	1						2		4	1
Svenskin og Budøddin			1		3		1	1		6	2
Nøsen og Flisøyne	3	3	4	1				4		15	2
Rensenn	2	3	1	1						7	1
Grøneli	2	2	2							6	1
Faukestølen og Flyin	4	6	3		1		1	3		18	1
Råstølen	1	1	1							3	1
Kinnhølt		3	1	1						5	1
Krististølen	2	3	3							8	1
Kvålstølane og Bjødnhøvd	4	8	4		4				1	21	2
Murkelie	3	2							1	6	1
Røvsalin	2	2								4	1
TOTALT ANTAL BYGNINGAR	118	187	146	16	57	3	7	23	8	7	569
TOTALT ANTAL STØLSLAG											49

Sjå elles kapittel 4 om dei ulike støslaga.

3. Særtrekk ved byggeskikken

Plassering i landskapet

Enkeltstølane var som regel samla i heile stølslag. Kvar støl hadde sitt inngjerda stølsjordet, og det mest vanlege var at løene ligg midt på eller nedst på *stølsjordet/vollen*, medan stølshusa for dyr og folk ligg samla i øvre kanten av jordet. I Vestre Slidre hender det òg at fjøset står aleine på jordet langt unna selet. Mjølkeavkjølingane låg gjerne ein vasstrukken stad, eventuelt over eit oppkomme eller ein brønn på stølstrøa eller langs vegen. I Valdres vart plassen rundt stølshusa på kvar enkelt støl kalla *trøa*, det var der dyra stod å venta på å bli mjølka eller på å kome inn i fjøset.

Løene ligg ofte på rekke og rad nedst på jorda, dette ser ein til dømes godt på Hermannstølen:



Byggemateriale

Jo lenger nord, jo meir skoglaust var det frå gammalt av. I slike område skal det ha vore nytta mykje *stein* som byggeemne. I området som her er undersøkt ser vi dette særleg i Strø i dag, der finst fleire steinfjøs og steingjerde. Elles var det vanlege å *lafte* både sel, fjøs og lør med tømmer av ulik kvalitet. Samstundes ser vi i visse område nesten berre *reisverkhus*, dette gjeld kanskje særleg på Langestølen og til dels Fløten er reisverk heller regelen enn unntaket. I andre område finst ei god blanding av ståande reisverk og laft. Reisverk er nok særleg mykje nytta på hus frå 1900-talet. Mange hus har utvendig panel, andre ikkje.

Taktekking

Skifertak:

Svært mange eldre hus har skifertak, stort sett med tradisjonelt tilhogd skifer av ulike storleik. I nokre område er det nytta skifer frå lokale dagbrot, iallfall frå Grønsennknippa. Dette gjeld både tradisjonell tilhogd skifer og villskifer. Løa under ligg på *Krististølen*, *Bjørkheimstølen* og *Råstølen* på *Kinnhølt*, desse har nok villskifer frå Grønsennknippa.



Nesten alle tak er saltak, men nokre tak er brattare enn andre. Under finn vi eit par døme på andre typar takvinklar, frå fjøs på *Kvitehaugen* og *Hermannstølen*:



Torvtak:

Hus med dtorvtak er meir sjeldan. Mange eldre bygg med torvtak som ikkje er halde i hevd har nok i stor grad råtna og blitt fjerna eller borte av seg sjølv med åra. Men ein del døme finn vi, fleire av dei syng på siste verset. Her er nokre døme frå *Revulen*, *Hermannstølen* og *Gaukliex2*:



Andre stader er torvtaka sett i stand eller lagt på nytt i seinare tid, det ser ein til dømes på bileta under som er frå *Fjellstølen* og *Tyrishølt*.



Mange stader ligg never og torvtak under bordtak, skifertak eller platetak. Dei to bileta under viser fjøstaket på *Systølen på Fløten*, der det ligg torv under og skifer på toppen.



Bileta under, frå *Tyrishøltx2*, *Hermannstølen*, *Flyin*, *Nøsen* og *Gaukliex2*, viser andre døme på at det ligg tak av andre material oppå never og torv:





Platetak:

Svært mange eldre bygningar har platetak av ulike slag, desse taka på *Valtjednstølen* og *Systølen* har tak av uthamra tønner:



Det finst elles mange variantar av overgang mellom tak og vegg, desse bileta frå *Langestølen* og *Hermannstølen* er av dei meir sjeldne;



Vindauge

Mange stader ser ein spor etter gluggar og gluggestampar, frå ei tid før ein fekk vindauge. Det kan tyde på eldre bygg frå ei tid då ein nytta jordgolv, åre og ljore. Desse døma er henta frå *Fløten, Hermannstølen og Nørre Trøllhøvd*:



Måling og farger

Tømra hus er nesten alltid umåla. Eldre panelte hus er som regel anten umåla eller raude, nokre av husa som ser umåla ut har nok òg vore måla i ei komposisjonsmåling som har bleikna. Vi finn òg døme på oker, oransjeraude og brunmåla hus. Under er nokre døme på eldre måla hus der fargen harmonerer godt med byggeskikken. Desse bilene er frå *Flyin, Nørre Trøllhøvd, Grøneli, Rensenn, Gauklie, Kvitehaugen, Menka/Liaset, Hermannstølen, Gauklie, Gjølmyr, Revulen og Nørre Trøllhøvd*:





Flytting av hus, attbruk av eldre materiale og gradvis utbygging

Å flytte stølshus var ikkje uvanleg. Ikkje berre på same stølstrøa, men hus vart òg flytt opp frå bygda eller frå andre stølslag. Til dømes skal det eine selet på *Fjellstølen* vera frå Brattstølen medan det eine fjøset er flytta frå Nørre Svenes nede i bygda og opp på fjellet.



På mange sel ser ein tydeleg korleis ein har brukt oppatt eldre materiale. På dette selet på *Gjølmyr* har ein brukt vindauge frå ulike periodar, og på reisverktøilbygget til venstre er det brukt 1700-tals glasruter:



Folk var før i det heile generelt gode til å nytte materiala dei hadde tilgjengeleg, og utbygginga har ofte funne stad etter kvart som behovet for meir plass har vokse. På mange stølar er det sett opp nybygg i tillegg eller som erstatning for gamle bygg. Desse bileta frå *Tyrishølt* er gode døme på dette:



Døme på vellykka ombyggingar og nybygg

Det er elles interessant å merke seg desse to fritidsbustadene på to ulike støljar på Breiset. Desse glir flott inn i stølslandskapet. Dei ser på avstand ut som fjøs, og det er vel óg det dei i si tid har vore.



Denne nye hytta på *Gjølmyr* er bygd heilt i samsvar med gamal lokal byggeskikk:



På det same tunet som over ligg dette selet som er fint sett i stand:



Mindre vellykka endringar

Dei fleste stølsлага endrar seg over tid. Stølseigarane har til alle tider bygd – og bygd om. Slik har kokehus, buer, fjøs og tilbygg kome til, og endringane i bygningsmassen på stølane må sjåast som ein konsekvens av endringane elles i gardsdrifta. Endringane før i tida var likevel av det «langsame slaget», og ved nybygg eller ombygging ser vi ofte spor av ein eldre byggjeskikk. I dag er dette vanskelegare å sjå; landskapet forandrar seg og fargeval, materialbruk og endring av terreng viser ofte liten kontinuitet med eldre byggjeskikk. Særleg påfallande er at nye sel eller

hytter ofte er både breiare og høgare enn dei tradisjonelle. Nokre har framandelement som verandaer og terrassar, og nokre er ferdighytter med stiltrekk frå heilt andre stader i landet. Utgraving av tomter for nybygg bidreg til at bygga blir løfta opp på større og mindre «haugar» som ser ut som unaturlege innslag i kulturlandskapet. Her viser vi til byggeskikkveiledaren for Valdres.

4. Dei ulike støslaga

Bygningshistorisk mest interessante historiske miljø

Formålet med denne rapporten er som nemnt i innleiinga å gi fylket eit betre grunnlag for å prioritere støtte til istandsettingstiltak av bygningsmiljø og enkeltbygg.

Oppdraget har mellom anna vore å peike på kva for støslag har særleg heilskaplege historisk interessant miljø.

Tabellen under gir ei vurdering basert på vårt skjønn, der vi løfter opp desse støslaga som særleg aktuelle å prioritere:

- Breiset, Hermannstølen, Gjølmyr og Menka (Svenes sameige)
- Gauklie, Tyrishølt og Fjellstølen (Ulness sameige)
- Kvitehaugen, Strø, Nørre Trøllhøvd, Grønsenn og Råstølen (Vestre Slidre statsallmenning)

	Heilskapelege historisk interessante miljø
SVENNES SAMEIGE (7 støslag)	
Breiset	Høg
Liaset	Middels
Hermannstølen	Høg
Fløten	Middels
Brattstølen	Middels
Gjølmyr	Høg
Menka	Høg
ULNES SAMEIGE (10 støslag)	
Furuset	Middels
Langestølane	Middels
Geitryggen, Naustdokken og Feten	Middels
Revulen	Middels
Brattåsen	Middels
Valtjednstølen	Middels
Gauklie	Høg
Tyrishølt	Høg
Fjellstølen	Høg
Nystølen (Rognås Nystøl)	Låg
VESTRE SLIDRE STATSALMENNING (20-30 støslag)	
Kvitehaugen og Flikja	Høg
Strø	Høg
Nørre Nøse, Sandbu og Svult	Middels
Ristegilen	Middels til høg
Gilastølene	Middels
Jomssyndin	Låg til middels
Nørre Trøllhøvd	Høg
Sørre Trøllhøvd	Middels
Grønsenn	Høg
Jaslangen	Middels
Baklie	Middels
Bukono	Middels
Hanafjorden	Middels
Svenskin og Budøddin	Middels
Nøsen og Flisøyne	Middels
Rensenn	Middels
Grøneli	Låg til middels
Faukestølen og Flyin	Middels
Råstølen	Høg
Kinnhølt	Middels
Krististølen	Middels
Kvålstølane og Bjødnhøvd	Middels
Murkelie	Middels
Røvsalin	Låg til middels

4.1 Støslaga i Svennes sameige

Fløten

Fløten skal har vore Noregs største støslag, med 44 enkeltstølar, medan det på 1880-talet i følgje Lars Reinton skal har vore 29 stølar her. Med andre ord auka stølsbruket markant på i tiåra som følgde. I dag er det berre att ein støl som er i aktiv drift. Ein god del av dei gamle stølane er fritidsbustader, meir eller mindre bygd om, nokre er fråflytta og nokre står til nedfalls. Fleire av husa er av nyare dato, men med innslag av ein del av den eldre bygningsmassen intakt. Som miljø har Fløten **middels** verneverdi.

Fjøs:

På Fløten er det 15–20 fjøs av ulik alder. Nokre er små tømmerfjøs, andre er bygd ut på ulike vis. Tilstanden varierer. Her er nokre av dei eldste.



På Fløten står det nokre lafta *stallar*, slike har høg verneverdi, men tilstanden er dårleg.



Her er fleire *løer*, nokre er lafta, andre i reisverk. Desse er generelt i dårleg stand.



Her er nokre døme på *kokehus*:



Bygningshistorisk særleg interessant sel:

Selet under (gnr. 73/4) er truleg svært gammalt, og av dei eldste uendra sela vi har funne på Stølsvidda. Her er mange interessante detaljar, merk mellom anna lysglugga, det grove tømmeret og torvtaket. Tilstanden er dårleg, blant anna har taket ramla ned. Likevel er dette av stor interesse og betydning. Inntil selet står òg ein gamal stall der taket er borte, sjå førre side.



Biletet under viser eit eldre og eit nyare sel på same stølsvollen.



Sela på Fløten er av ulik alder og utsjånad. Her er nokre døme på eldre sel:



Døme på skåle:



Døme på steingjerde:



Hermannstølen

har hatt 30 enkeltstølar. Dette er eit tradisjonelt og fint støslag, der mykje er halde godt i hevd. Dette er eit område som gir gode avlingar og her er det framleis aktiv bruk av svært mange av jorda. Hermannstølen er av dei støslaga som i dag har flest eldre, uendra bygningar. Som miljø har Hermanstølen **høg** verneverdi.

Fjøs:

Her er framleis mange eldre lafta fjøs. Dei fleste har inngang frå kortveggen, mange i tillegg òg frå langveggen. Nokre er dels panela, og nokre har tilbygg i reisverk. Mange har bygd inntil utedo eller ei bu. Fleirtalet er dårleg stand:





Dette vesle fjøset har hatt underfjøs for geit:



Bygningshistorisk særleg interessant fjøs:

Fjøset under har mange interessante detaljar. Merk særleg at det har vore lafta delevegg i lengderetninga, den uvanlege takvinkelen og samanføyningane i laftet oppunder taket. Tilstanden er svært dårleg.



Som døme på eit typisk lafta fjøs i området, med bilete tatt frå mange vinklar, tek vi med dette fjøset. Her ser ein mellom anna tydeleg at skifertaket er lagt oppå tak av never og torv, slik vanleg praksis var frå gamalt av:



Elles er det òg mange fine fjøs bygd i reisverk på Hermannstølen. Her er nokre døme:



Stallar:

På Hermannstølen står det framleis att nokre stallar, men dei høyrer til unntaka både her og på resten av Stølsvidda.



Store tømmerløer:

På Hermannstølen utgjer løene ein svært viktig del av det heilskaplege inntrykket. Her står det framleis mange uendra løer midt på jordet, men husa er nok sjeldan i bruk. Løene er generelt større enn kva som er vanleg elles på Stølsvidda, fleirtalet er tømra og har skifertak. Dei fleste er i dårleg stand.







Denne løa har elles ein særeigen «lang» for staur:



Nokre av dei nyare løene og låvane er bygd i reisverk. Desse er oftast raudmåla.





Kokehus:

Hermannstølen har framleis nokre kokehus att, men mange er det ikkje. Her er eit par:



Døme på skåler/mjølkebuer:





Eldre sel:

Dette tredelte selet har ikkje vore i bruk på mange år. Her er den gamle bruken lett å lese, med sel (eldbu), skut og mjølkebu i ei lengde. Mjølkebua hadde ein liten open glugge på kvar side av bygget.



Sela under er nok opprinnerleg tredelte sel som nok har hatt sel (eldbu), skut og mjølkebu. Den grå, som står på leirstaden Åreld, har eit påbygg i delen til høgre.



Her er døme andre eldre sel som er bygd noko om:



Til slutt tek vi med ei eldre hytte med skåle i området. Husa glir fint inn i den byggeskikken i området:



Brattstølen

Brattstølen hadde i si tid kring 10 enkeltstølar. Som namnet seier ligg stølslaget i bratt terreng. Brattstølen ligg i granskog-beltet, ikkje langt frå riksvegen. Det finst i tillegg til stølsbusa også fastbuande her. Ein del jorde er i ferd med å gro att. Fleire av busa er av nyare dato, men med innslag av ein del av den eldre bygningsmassen intakt. Som miljø har Brattstølen **middels** verneverdi. Under er nokre døme på eldre bygg:

Fjøs:



Fjøs og sel:



Fjøs og stall eller småkrøtterfjøs:



Løe:



Gjølmyr

Gjølmyr hadde i si tid kring 30 enkeltstølar. Det er framleis eit stort ope stølslag med spreidd bygningsmasse. Det er mange store jorde her og mange av desse er i bruk. Gjølmyr står fram som

eit opphavelig stølsområde med fleire løer, fjøs, sel, skålar og uthus, og nokre større låvar med låvebru. Det finst både lafta bygningar og bygningar i reisverk. Det er lite innslag av nyare bygningar, og dei som er høver godt inn i miljøet. Hovudintrykket er at bygningane er i bra stand, med berre mindre behov for restaureringar. Som miljø har Gjølmyr **høg** verneverdi.

Fjøs:



Her er ein stall eller eit småkrøtterfjøs:



Kokehus:



Leikehus:



Døme på skåler:



Eldre sel:

På Gjølmyr er det i fleire eldre sel. Alle desse er eldre sel som er bygde ut på ulikt vis. Det øvste er eit todelt sel med utbu og tilbygg i eine enden. Den neste har fått tilbygg i lengda, medan det siste har fått større vindauge.



Bygningshistorisk særleg interessant sel:

Dette selet på *Ristettrøe* er av dei minste på *Stølsvidda*. Bygget er i reisverk og er nok frå mellomkrigstida. Slike miljø er i dag svært sjeldan å sjå og er særleg viktig å ta vare på.





Løer og låvar:

På Gjølmyr er Det fleire løer på jordene, stort sett i dårleg stand. Den øvste har lafta delevegg i lengderetninga:



Døme på eldre og yngre løe/låve side om side:



Liaset

Liaset er eit mindre stølslag som i si tid bestod av 8 stølar. Stølsområdet har ein del meir modernisert bygningsmasse, men dei er ikkje prangande og høver stort sett godt inn. Fleire jorde er i bruk. Som miljø har Liaset **middels** verneverdi. Her er tre eldre fjøs:



Menka

Menka ligg aleine, mellom Liaset og Tyrishølt. Dette er ein støl i bra hevd. Her er alle bygningane raud-måla, noko som gjev eit fint inntrykk i landskapet. På jordet er det ei løe som nyleg er satt i stand. Både som miljø og som enkeltbygningar har Menka **høg** verneverdi.



Breiset

Breiset hadde i si tid kring 30 enkeltstølar, og dei aller fleste av desse står framleis fint. Aktiv drift på nokre av stølane. Tradisjonell byggeskikk med mange eldre bygg. Som miljø har Breiset **høg** verneverdi.

Dei eldre fjøsa er dels lafta, dels i reisverk. Utedoen ligg stort sett bygd inntil det gamle fjøset:





Fjøs til venstre, mjølkeavkjøling til høyre:





Mjølkebuer og skålar:



Køkehus:



Eldre sel:

Desse to uendra sela har ikkje vore i bruk på mange år. Det fyrste er eit eldre todelt lafta sel. Det andre er eit reisverksel frå mellomkrigstida:



Elles er sela på Breiset stort sett i bruk. Mange er eldre og halde i hevd eller bygd om på ulike vis. Andre er bygd dei seinare åra. Her er nokre døme på sel som føyer seg fint inn i den tradisjonelle bygningsmassa:





Flotte døme på nybygg:

To eldre fjøs er bygd om til fritidsbustadar på ein fin måte, dei glir inn stølslandskapet så nennsamt at dei på avstand framleis ser ut som fjøs:



4.2 Støslaga i Ulnes sameige


Nystølen (Rognås Nystøl)

Nystølen har hatt 5-6 enkeltstølar. I dag er det få hus i eldre stil her, og stølsområdet har såleis **lågare** verneverdi enn Stølsvidda elles. Under finn vi døme på eldre fjøs i ei lengde (slike finst det få att av) og det som truleg er eit kokehus:



Valtjednstølen

Dette stølslaget hadde kring 12 enkeltstølar. Her det i dag mange nyare eller ombygde bygg. Området har som heilskap **middels** verneverdi, medan til dømes fjøset på bileta under er av høg historisk verdi.



Her er òg ein del andre eldre bygg innimellom. Under ein fråflytta støl med kokehus, eldre eldre sel og eit fjøs i tilstadsgrad 3.



Desse husa er SEFRAK-registrerte, men ikkje så historisk interessante då dei fortel lite om både funksjon og opphavsleg byggeskikk:



Fjellstølen

Dette har vore to stølar som i dag blir drive som ein; ein flott støl i aktiv drift som ligg aleine. Vi merkar oss særleg at det gamle fjøset framleis er i bruk som kyrfjøs, og at det ser uendra ute både ute og inne. Her skal eit gammalt sel vera frå Brattstølen medan det eine fjøset er flytta frå Nørre Svenes og opp på fjellet. Miljøet har **høg** verneverdi.





Brattåsen

hadde i si tid 4-6 enkeltstølar, men her er det ingen aktiv stølsdrift lenger. Her er det eit par flotte eldre løer, i relativt dårleg stand, desse står stort sett aleine nedst på jordene. Miljøet har **middels** verneverdi, medan nokre av dei gamle løene har **høg** historisk verdi.



Lange løer med skut, aleine i landskapet:





Tyrishølt

Tyrishølt hadde i si tid kring 20 enkeltstølar, og har i dag fleire aktive stølar. Ein del hus er tatt godt vare på, nokre er til nedfalls, og ein del er i nybygd i ein stil som passer meir eller mindre godt inn i det gamle miljøet. Miljøet har **høg** verneverdi.

Fjøs (ofte med utedoar bygd inntil):





På Tyrishølt er det bevart få *løer*, men her er to av ulik dato:



Vi finn nokre få mjølkebuer:



Eldre sel:

Under er nokre døme på sel, der dei to første er fråflytta, medan dei andre i bruk:





Døme på god istandsetting og fint nybygg på same stølstrøa:

Her er eit flott istandsett sel, sett frå begge kantar. Dette har nok tradisjonelt vore eit tredelt sel med mjølkebu/innbu, eldrom og vedbu, med mjølkebu bygd inntil:



Eit nyoppført sel på same tunet følger flott opp den same byggeskikken:



Låvar:

På Tyrishølt er det fleire reisverklåvar enn dei fleste andre stader på Stølsvidda, også for desse er tilstanden varierende. Her er nokre døme:





Gauklie

Gauklie hadde i si tid kring 20 enkeltstølar. Nokre få er framleis i aktiv drift. Her er mange eldre bygg. Ikkje minst står fleire mjølkebuer og løer på plassen sin, men fleire av desse er nok trua. Kulturlandskapet er generelt halde godt i hevd. Miljøet har **høg** verneverdi, det same gjeld ein del enkeltbygg.



Fjøs:

Mange av fjøsa er frå mellomkrigstida, medan nokre er eldre og nokre nyare. Som ein kan sjå på døma under varierer tilstanden mykje:



Løer:

Her ser vi fleire løer på rekke og rad nedst på jordene. Øvst ei mjølkebu.





Arklåven til 39/2 er unik:



Mjølkebuer:

På Gauklie ser ein fleire mjølkebuer på rekke og rad bortover:



Eldre sel:

Dette raude selet ser ut til å vere fråflytta. Dette er truleg eit eldre sel med utbu foran eldbu og mjølkebu. Her er det kjellar, og truleg vart mjølk og ost oppbevart der. Samstundes har bygget fått store vindauge i mjølkebua. Det brune selet under ser ut til å vere ein modernisert utgåve av eit tilsvarande sel.



Vi merker oss elles dette eldre selet og fjøset under gnr. 56/9 som vi meiner har **høg** verneverdi:





På Gauklie er det elles fleire flott *steingjerder* mellom nokre av stølsjordene:



Langestølen

hadde i si tid 23 enkeltstølar. Her er det framleis fleire av stølane i aktiv bruk, både ved at jorda vert slege, og ved at det er dyr her. Det er fleire fritidsbustader, i form av hytter og sel som ikkje lenger er bruk som stølshus. Det er påfallande mange bygningar i reisverk, lite i laft. Som miljø har Langestølen **middels** verneverdi.



Løer og låvar:



Kokehus:



Furuset

I 2000 registrerte kommunen 5 enkeltstølar på Furuset, medan det i 1938 var registrert 14 stølar her. Ingen aktiv stølsdrift. I dag blir fleire av dei gamle husa nytta som fritidsbustadar. Her er det framleis att nokre eldre interessante hus, til dømes dette selet og fjøset som er i god stand, der det er gjort gode grep i pakt med gamal byggeskikk:



Naustedokken, Feten og Geiteryggen

Naustedokken har hatt 2 enkeltstølar, Feten 3-5 og Geiteryggen 1-2. Disse områda består i dag av relativt få eldre bygningar og har som miljø liten verneverdi samanlikna med dei andre områda på Stølsvidda. Men også her finst interessante spor etter stølsdrifta, desse bileta er frå Naustedokken:





Feten:



Langs Tisleifjorden finst i tillegg mange naust av nyare dato:



Revulen

Revulen hadde 7 enkeltstølar. Dette er eit flott tradisjonelt stølsområde med fleire gamle, lange fjøs og sel på rekke og rad langs vegen, nokre av dei særleg gamle. Ein del nytt som er lite i tråd med gamal lokal byggeskikk. Som miljø har området middels verneverdi. Fleire av dei eldre bygningane er i dårleg stand.



Eldre sel:

Dette selet under som ligg på *Revulen* har særleg gamalt tømmer. Truleg er det sett saman av fleire bygningar.



Her er eit par andre døme på sel:



Fjøs:





4.3 Støslaga i Vestre Slidre statsallmenning

Kvitehaugen og Flikja

Dette er eit tradisjonelt støslag med til saman 9 enkeltstølar, nokre framleis i aktiv drift. Lang stølsveg, steinete område. Miljøet har **høg** verneverdi med mange fleire eldre bygningar, under er ulike døme på dette:

Fjøs:





Mjølkebuer og skålar:



Løer er det få att av, men her er nokre. Desse har alle ein skut på sida for innkøyring av fôret.





Eldre sel:

Dette selet i Kvitehaugen har skuten i midten med dør inn til ei utbu/mjølkebu:



Dette selet er eit eldre tredelt sel, med eit påbygg:



Det vesle bygget på biletet under, i Flikja, er eit lite kryppinn for han som køyrde mjølka frå stølane rundt om, og ned til ysteriet i bygda. Her kunne han stella med mat og sova over når det

var hensiktsmessig. Då denne ordninga vart historie, fekk den som var mjølkekøyrar på det tidspunktet bruksretten så lenge han måtte ynskje. Etterkvart vart det uaktuelt både for han og familien, slik at då fekk Vestre Slidre fjellstyre tilbod om å overta. Dette fann dei interessant, og såg at den delen av historia også var viktig å ta vare på. Fjellstyret søkte og fekk midlar av Kulturminnefondet til istandsetjinga. Bygget er utvendig panela med ein lektepanel. Innvendig har ho trekvit fas-panel både på veggane og i himlinga. Ho inneheld opphaldsrom med køyeseng, bord og stolar, og ein liten kjøkenkrok. I tillegg er det ein gang og ein do. Det er kvadratiske eternitplater på taket.



Strø

Særmerka stølslag med mange fine steingjerde, her til saman 7 enkeltstølar, nokre framleis i aktiv drift. Miljøet har **høg** verneverdi med fleire eldre bygg. Dette stølslaget har fått stønad til istandsetjing av både steingjerde og fjøs frå mellom anna kommunen og Kulturminnefondet, og her er lagt ned betydeleg dugnadsinnsats.



Fjøs:

Det er få steinfjøs på Stølsvidda, men i Strø finst fjøs dels bygd i stein, dels lafta og dels i reisverk. Nokre er bygd om, andre har eit alderdommeleg preg. Her er eit mangfald:





Det er få *løer* att i Strø, men her er eit par:



Eldre sel:

Selet t.h. er nyleg sett i stand og samstundes endra noko, men det er interessant å merke seg kommentaren frå boka *Stølsliv i Vestre Slidre* (2018) skrive av Gunnar Hauge og Frode Rolandsgard (s 78): «*Det gamle Ner-Eggiselet i Strø med inngang på midten. Selsrommet mot sør, bu i nord. Eit svært sjeldent og alderdommeleg trekk er det vesle fjøset som er mura inn under selet, med små tronge båsar og steinheller til båsidele.*»



Døme på andre sel:



Det raude selet på dei to nedste bileta over har ei intakt mjølkebu med open glugge ut ved sidan av inngangspartiet.

Andre uthus:

Det er relativt få uthus av eldre dato, men her er nokre – både kokehus, naust og ein utedo:



Nørre Nøse, Sandbu og Svult

Dette er små stølslag. Her er framleis att eldre hus, men utanom nokre fjøs er det få uthus att. Som miljø er betydinga **middels**.

I Nørre Nøse låg 5 enkeltstølar frå gamalt av, men her er det ingen stølsdrift i dag. Framleis er her eit sel og eit par fjøs av eldre dato:



I Svult låg fire stølar frå gamalt av. Her er framleis nokre fjøs, men elles få uthus att.



Sandbu ligg aleine. Her er det eit fint fjøs med **høg** verneverdi:



Ristegilen

12 enkeltstølar. Her er fleire eldre sel og fjøs, elles er det knapt nok att andre eldre uthus. Verneverdien er **frå middels til høg**, og fleire av enkeltbygga har høg historisk verdi.

Fjøs av ulik alder:



På Ristegilen er det knapt nok att eldre løer. Dei to fyrste bileta under viser ei løe som står fint.



Eldre sel:

På Ristegilen er det fleire sermerkte eldre sel som er i bruk. Her er fire sel der bileta er tatt frå begge sider av husa:





Haslebrekkstølen ligg aleine, fjøset her er dels av eldre dato:



Gilastølene

Det ligg kring 10 stølar på Gilastølene og Bøastølen. Her er både eldre og nyare bygg. Mange sel er blitt til hytter, og med det har nok mange uthus blitt borte på vegen. Samstundes blir mykje av jordvegen halde i hevd, og stølshistoria vises tydeleg i landskapet. Som miljø er har stølslaget **middels** verneverdi.



Under ser vi nokre døme på *fjøs*:



Dei to husa er under er truleg eldre *kokehus*:



Dei fleste sela er av nyare dato, men her eit døme på eldre *sel*:



Jomssyndin

Stølslag på vestsida av Søre Syndin, frå gammalt av med kring 10 enkeltstølar. Ein god del nydyrking. Blanding av eldre og nyare stølshus. Her er nokre fjøs, dei fleste bygd i reisverk. Elles få eldre hus. Miljøet har **låg til middels** verneverdi.

Døme på eldre fjøs:





Her er ei *løe* og eit *naust*, men elles få eldre uthus:



Her er òg få *eldre sel*, desse bileta viser to sel som er fråflytta:



Nørre Trøllhøvd



Nørre Trøllhøvd hadde i si tid 33 enkeltstølar, og var slik av dei største stølsområda i Noreg. Stølslaget står framleis fram som eit område med mange tradisjonelle hus. Her er det mange ubrukte stølsjorde, men nokre er framleis i drift. Små låge stølshus, og fleire fine ombyggingar skilir godt inn i den tradisjonelle byggeskikken. Miljøet har **høg** verneverdi med fleire eldre bygg. Ein del av desse er i dårleg forfatning, og mange er ikkje i bruk. Under er nokre døme på interessante bygg:

Fjøs:



Løer er det i dag få av på Nørre Trøllhøvd. Med unntak av den første er dei fleste i dårleg forfatning.



Kokehus og mjølkebuar/mjølkeavkjøkingar er det få att av, men her er nokre:



Her er nokre døme på eldre sel:



Bygningshistorisk særleg interessant sel med mjølkebu og fjøs:

På *Nørre Trøllhøvd (94/1/822)* merkar vi oss særleg eit unikt langt bygg med sel, mjølkebu og fjøs i same lengda. Sjølv om det var ein del slike lange stølshus i Valdres frå gammalt av, finst mest ingen slike att i dag. Stølshuset på biletet under er her avbilda frå begge sider, og tilhøyrar garden *Moen i Plassane*. Her er det bevara sjågluggar og mange andre detaljar frå tida før selet hadde vindauge. I sørenden er det framleis sæl og mjølkebu, medan det truleg er fjøs i nordenden. **Her er verneverdien høg.**





Til slutt tek vi òg med nokre døme på eldre vegfar på Nørre Trøllhøvd:



Sørre Trøllhøvd

Sørre Trøllhøvd hadde i tid 13 enkeltstølar. Miljøet har **middels** verneverdi.

I området er det fleire enkeltbygg med **høg** historisk verdi, til dømes desse to små stølane, der dei ligg aleine på jorder og minner om ei tid som var:




Dobbeltløa og kokehuset på bileta under òg interessante, då det i dag finst att få slike på Stølsvidda.



Grønsenn

12 enkeltstølar, aktiv drift på eit par av dei. Samstundes er mykje av jordvegen i ferd med å gro att. Nokre hytter innimellom føyer seg stort sett fint inn i den tradisjonelle byggeskikken. Miljøet har **høg** verneverdi.



Fjøs:



Kokehus?



Eldre sel:

Bileta her viser fire eldre sel, sett frå fleire vinklar:





Naust:

I Grønsenn ligg ei rekkje med naust av ulik alder, dette miljøet har særleg **høg** historisk verdi. På det fyrste biletet ser ein stølslaget ovanfor. NB; desse bileta er teke i 2014:





Jaslangen

Flott beliggende stølsområde som i si tid hadde over 20 stølar. I dag er det ein del nyare hytter innimellom, særleg i nedre delen nær Movatnet. Relativt få eldre hus, samstundes har føyer byggeskikken i særleg den øvre delen seg stort sett fint inn i det tradisjonelle uttrykket. Miljøet har **middels** verneverdi.



Fjøs:





Tidlegare mjølkebuer?



Døme på eldre sel:





Naust er det fleire av langs Movatnet, desse er stort sett av nyare dato.



Halvorstølen

Her har det vore 4 enkeltstølar, men det er lenge sidan desse var i drift. Her rakk vi ikkje innom, desse to bileta er begge take i 2015 og er saksa frå nettet, fotoa er take av Venke Kristin Fredriksen og Sverre Ramdahl Ranum:



Hanafjorden

2 enkeltstølar. Området har **middels** verneverdi, medan det trelengda fjøset på *Ulvestølen* har **høg** historisk verdi.



Bukono

Dette er tradisjonelt stølsområde som i si tid hadde 14 stølar. I dag er det aktiv stølsdrift på iallfall ein støl. Nokre hytter av eldre årgang glir godt inn i stølslandskapet. Her er fleire eldre løer på jorde og nokre eldre naust langs Storfjorden. Stølslaget har **middels** verneverdi.



Kokehus:



Baklie

Baklie består av fleire stølslag med til saman 19 stølar over eit større område. Under er ulike døme frå heile området.

På Fosheimstølen er det to stølar med bygg av ulik alder:



På Fauskehaugen er det eit særleg gamalt fjøs og to eldre løer:



På *Handestølen* er det eit eldre fjøs (småkrøtterfjøs?), eit eldre og eit noko nyare sel og ein stor fôrløe. I same område står ei eldre løe til nedfalls. Her blir kulturlandskapet halde fint i hevd!



I *Skruvla* er det fleire interessante bygg. Ikkje minst dette fjøset som har høg verneverdi:



Andre eldre bygg i Skruvla:





Liset:



Svenskin og Buøddin

Langs Storfjorden, mellom Nøsen og Jaslangen, ligg til saman seks-sju stølur. Desse er dels aktive, dels fråflytta. Stølslaget har **middels** verneverdi.

Selet på Svenskin er av ein serskilt type, med to nasasval, sjå innleiinga om selstypar:



Døme på *andre stølshus* i området:



Nøsen og Flisøyne

Stølslaget har hatt rundt tjue stølar, frå Flisøyne/Storfjorden og oppover mot Nøsaknipa. Området har **middels** verneverdi, medan nokre enkeltbygg har høg historisk verdi.

Fjøs og løer:



Døme på sel:



Kokehus og naust:



Bygningshistorisk særleg interessant sel:

På *Tuvstølen på Øvre Nøse* finst eit langt sel/fjøs som er bygd i ei lengd. Desse er sjeldne i dag og har såleis **høg verneverdi**. Bileta under er alle frå denne stølen:





Rensenn

På Rensenn har det vore 8 enkeltstølar. Områda har ein **middels** verneverdi, men her er fleire bygningar med høg historisk verdi.

Under der døme på bygg. Det øvste biletet er frå *Lisjordet-stølen*. Både kokehuset og selet her har **høg** verneverdi. Sel med to dører og nasasval er omtala i kapittelet om sjeldne bygningstypar i området.



Grøneli

I si tid 6 enkeltstøler, men her er det i dag mange hus til nedfalls. Forfallet har gått så langt at ein må kunne seie av verneverdien er **låg**. Unntaket er kan hende dobbeltløa på biletet under. Slike finst det ikkje mange att av på stølsvidda.



Faukestølen og Flyin

Eit område som strekk seg frå Fauskestølen til heimsida av Storfjorden. Tradisjonelle hus, i si tid med 11 enkeltstølar. Området har **middels** verneverdi. Under er nokre døme, dei fyrste bileta er frå Fauskestølen, dei siste frå nærare Storfjorden.





Råstølen

Ligg aleine langs vegen, med fint utsyn. I god stand, freda og såleis med særleg høg verneverdi. Flotte gjerde!





Kinnhølt

Stort sett opphavelig bygningsmasse med låge hus, fleire hus i dårleg stand. Aktiv stølsdrift på Hødnestølen. Miljøet har **middels** verneverdi.





Biletet under viser Bjørkheimstølen som Else «Sprossa» Rønnevig har fått sett i stand. Ho har skrive bøker om istandsetjinga.



Krististølen

8 enkeltstølar i si tid. I dag lite aktiv stølsdrift, jordvegen er fleire stader i ferd med å gro att. Jamt over tilnærma tradisjonell bygningsmasse, med låge hus, og nokre løer og fjøs.

Døme på *fjøs* og andre hus i området:





Eitt *løetak* skil seg flott ut med villskifer frå lokalt dagskiferbrudd. Det er svært viktig at dette taket blir teke vare på.



Av dei minste *sela* som framleis står finn vi dette reisverksbygget, truleg frå mellomkrigstida. Dei andre stølshusa her er borte, mens selet ber bod om ei anna og meir nøysam tid:



Dalastølen, Kvålstølane og Bjødnhøvd

I dette området har det vore til saman 15 enkeltstølar. Framleis er nokre aktive. Her er det ein del hus som står til nedfalls, nokre nyare hytter og få eldre sel. Mest reisverksbygningar, nokon med tømmerkjerne. **Middels** verneverdi.

Her er nokre fjøs:



Løer:

Denne bygningen står på stølen til Øvre Hande, innerst i *Bjødnhøvd*. Dette ser ut til å vera ei *utløe* som kan hende er flytt til stølstrøa? Slike er iallfall sjeldne i dag, så denne må ein kunne seie har **høg** verneverdi.



Av andre løer i dette området, finn vi desse:



Murkelie

10 enkeltstølar. I dag er fleire stølar enn fråflytta eller bygd om til hytter. Ein del hytter innimellom. Få eldre sel. Miljøet har **middels** verneverdi.

Fjøs:



Løer:



Mjølkerampa i Murkelie er flott. Den er truleg av eldre dato og har såleis **høg** verneverdi:



Røvsalin

Det har vore 5 enkeltstølar på Røvsalin. I dag er fleire stølar enn fråflytta eller bygd om til hytter. Miljøet har i dag **lågare** verneverdi enn elles på stølsvidda. Døme på eldre bygg:



6. Litteraturliste

- Beitrusten, Geir: Gardar og slekter i Vestre Slidre. Valdres Bygdebok, 1979.
- Bjørbekk og Lindheim o.fl. Byggeskikkveileder for Valdres. Valdres Natur- og kulturpark, 2011.
- Dammann, Åse: NIKU Rapport 84. Status for verneverdige kulturminner i utvalgte kommuner. Riksantikvarens miljøovervåkingsprogram 2015-2019. Nord-Aurdal kommune, Oppland fylke, 2015.
- Dietrichson, Ragnhild: Gamal byggeskikk i Nord-Aurdal. Rapport frå registreringa av hus bygde før 1900. Valdres Folkemuseum og Nord-Aurdal kommune, 1996.
- Gudheim, Helge: Ysting i Valdres. Mat & Kultur, 2013.
- Hauge, Gunnar og Rolandsgard, Frode: Stølsliv i Vestre Slidre. Då Måta, 2018.
- Hermundstad, Knut: *Gamalt stølsbruk i Valdres. Dei gamle seli* i Avisa Valdres, 12.-16 juli 1932. Årbok for Valdres 1997, s. 15-19.
- Hvattum, Harald: Gard og bygd i Nord-Aurdal 1C (Ulnes sokn), Valdres Bygdebok, 2013.
- Hvattum, Harald: Gard og bygd i Nord-Aurdal 1D (Svennes sokn), Valdres Bygdebok.
- Kvissel, Ingrid: *Bygningsmiljøet*. Delrapport nr 5, prosjekt «STØLSVIDDA – Framtid for stølslivet?» Valdres Folkemuseum, 1992.
- Hermundstad, Knut: *Næringsvegane*. Valdres Bygdebok V, andre del. Leira 1969. Side 170-245.
- Reinton, Lars: Seterbruket I og II. Oslo, 1955 og 1957.
- Reinton, Lars: Til Seters. *Norsk seterbruk og seterstell*. Norsk kulturarv 7. Samlaget 1969.